

---

**Fra:** Torbjørn Sætre <tosatr@gmail.com>  
**Sendt:** 19. juli 2017 23:18  
**Til:** fmhpostmottak@fylkesmannen.no; Arne Helgesen; Siril Therese Sylta  
**Kopi:** Maria Ones  
**Emne:** Forureining i Lindåsosane...?

Hei,

Me eig ein gard på Ones i Lindås. Denne garden har sjølinje mot Lindåsosane og her nyttar me aktivt sjøliv og bademoglegheiter. Over ei tid no har me observert at vår nordvendte badevik har vore tilgrisa med noko, som for oss, ser meir ut som forureining enn pollen. Typisk ser det ut som eit feittlag som ligg ein film på toppen av sjøen. Dette har me observert over nokre år og ikkje avgrensa til badevika vår men også andre stadar innanfor Lindåsosane.

Eg har no lest meg opp på ei pågåande sak vedrørande forureining i Lindåsosane og i denne anledning ønskjer me både som grunneigar og brukar meir informasjon i saka. Det framgår at det er tatt prøvar i sjøen som visar feitt, noko som må antyda utslepp.

Eg er også kjent med at det i 2016 var eit større utslepp som kystverket har journalført og som brannvesen fanga opp med lenser. Føreligg det ein rapport frå dette forhaldet, og har dette ein samanheng med forureininga ein ser i Lindåsosane?

For oss som småbarnsfamilie gir desse observasjonane bekymring. Me blir bekymra for om det er trygt for våre barn å nytta Lindåsosane på same måte som me med glede har gjort i vår oppvekst. Er badevatnet trygt? Er ressursane me høstar frå sjøen sunne? Korleis taklar Lindåsosane som recipient eventuelle utslepp? Kva med utslepp over tid?

Vidare les eg i saka at Fylkesmannen er i tvil om forureininga kjem frå undersøkt verksemd. Med bakgrunn i Lindåsosane sin spesielle karakter og bruk, samt stadfesta utslepp, reknar eg med at det føreligg klare planar for vidare undersøkingar av årsak. Kva tiltak blir tatt for vidare undersøking av stad for forureininga?

Vennleg helsing

Maria Ones og Torbjørn Sætre  
GNR/BNR 86/2 & 86/35